



# 19. SEPTEMBER I HØYLANDSBYGD: OMVISING OG LUNCH

**KULTURMINNEFONDET GJEV 0,5 MILL.  
KRONER TIL RESTAURERINGA AV M/S «LETE»**

I samband med at Kulturminnefondet v/direktør Simen Bjørgen kjem til Høylandsbygd for å overrekkja eit tilskot på 500 000 kroner til restaureringa av M/S «Lete», vert det skipa til ein kulturminnedag i Høylandsbygd neste onsdag, den 19. september.

Du, og alle andre som er interessert i skipsbyggingstradisjonar og levemåten her på kysten er hjarteleg velkommen til å vera med.

Om du ikkje alt har meldt deg på, kan du gjera det med melding / tlf til Per Ove Kviteberg 404 00 759 elles Johs. G. Eide 909 68 782.

## PROGRAM

**Kl. 10:00: Frammøte  
hos Johs. G. Eide.**

**Presentasjon av  
veggmaleriet og  
steinsamlinga.**

**10:45: Hillestadvågen**

**M/S "Lete"**

**S/S "Oline"**

**Båtmodellar o.a.**

**"Halsnøybåten"**

**12:30 Lunch**

**Vest-norsk  
tradisjonsmat frå  
Dill !**

**Ymse innslag**

**14:00 Slutt**



**M/S "Lete" – eit historisk fartøy!**